

## Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 16.01.2018

### ORIENTERINGAR

Idrettscampus Bergen v/ dagleg leiar Randi Marie Berntsen og Torhild Vedeler Næss.

Handlingsprogram 2018-2021 til Regional plan for folkehelse 2014-2015 v/ Anne Mette Nesje Porten, Regionalavdelinga.

**Utvalseiar** orienterte om neste utvalsmøte er eit to-dagars møte.

Dag 1: 06.02.2018: Besøk til Voss vidaregåande skule og Voss gymnas.

Dag 2: 07.02.2018: Sakshandsaming, Fylkeshuset.

**Fylkesdirektør opplæring** takka for godt engasjement på dialogdagane i desember månad 2017.

### SPØRSMÅL M.M.

**Tor Andre Ljosland (KRF)** spurte om det framleis skulle vere kantine på Årstad vidaregåande skole og om det tilrettelagte utdanningsprogrammet på Årstad vidaregåande skole skulle flyttast ? Fylkesdirektør opplæring svarte på spørsmåla.

**Alexander Fosse Andersen (SP)** hadde spørsmål knytt til regionreforma. Bør utval for opplæring og helse ha eit fellesmøte med det tilsvarande utvalet på opplæringssektoren i Sogn og Fjordane fylkeskommune, med sikte på å drøfte aktuelle problemstillingar og for å møtast for å verte kjende med utvalet ? Utvalseiar stadfesta at dette er ønskjeleg.

**Alexander Fosse Andersen (SP)** spurte om kvifor det er kulturavdelinga i Hordaland fylkeskommune som har ansvaret for fylkesbiblioteket og ikkje opplæringsavdelinga ? Fylkesdirektør opplæring svarte på spørsmålet.

**Utvalseiar** bad om følgjande:

*«Bestille en orientering om tildeling til helsefagskoler.»*

**Torgeir Toppe (A)** opplyste han er rektor på Folkeuniversitetet i Bergen. Dette med tanke på eventuelle framtidige problemstillingar knytt til habilitet. Fylkesdirektør opplæring orienterte om habilitet generelt.